

Mål: Barna får god hjelp av vaksne som samarbeider for å finne løysingar som er gode for alle.

Nokre gongar skjer det ting mellom barn som dei treng hjelp frå vaksne til å ordne opp i. Då er det viktig å huske at sjølv om ditt barn har opplevd noko på den måten det fortel, så vil andre sine opplevingar kunne vere annleis. Det viktige er ikkje å fordele skyld og ansvar, men å finne gode løysingar som kan hjelpe barna.


I kontakt med andre barn sine foreldre er det fint om de fokuserer på:

- korleis kan vi hjelpe barna våre til å fungere godt saman?
- kva treng barna våre frå oss for å ha det fint med kvarandre?

Det er viktig at alle får fortelje sin versjon av det som er situasjonen, og at de vaksne viser at de forstår dei ulike versjonane. Sjå gjerne etter følelsane som ligg bak, og bekreft desse.

«Eg forstår godt at du blei sint. Sjølv om vi blir sinte kan vi ikkje (legg inn den negative handlinga barnet gjorde). Kva kan vere ein god måte å løyse det på neste gang du kjem i ein slik situasjon?» «Kva treng du for å kunne gjere det?»

**LIVET**  
& SÅNN



*Heimane er med å skape gode læringsmiljø*

Skolen jobbar jamt og trutt med trygt og godt læringsmiljø, men kva kan heimane gjere for å bidra til dette?



**Mål: Barna får eit trygt og godt læringsmiljø der alle er gode skolevennar.**

**Ulike måtar de kan bruke for å hjelpe barna å bli kjent med kvarandre, dei vaksne blir kjent med kvarandre, og vaksne og barn vert kjent:**

- Lag vennegrupper på 4-5 barn som besøker kvarandre ein gong kvar, for å bli kjent. Nokon vil ikkje ha besøk heime, det er greitt.
- Planlegg 3-4 sosiale arrangement for barn og foreldre i løpet av skoleåret. Det kan vere ei utflukt i naturen, grille og leike på skoleplassen eller felles kveldsmat med litt leik?
- Lag ei Facebook-gruppe med lav terskel for å foreslå små treff: «Er det nokon som vil bli med på det og det, da og da? Vi møtast der og der. Ta med sånn og sånn»
- De kan gjerne ha eigne arrangement berre for dei vaksne også, men husk at kjønnsdelte arrangement, eller arrangement med alkohol kan vere ekskluderande sjølv om intensjonen er inkludering.
- Forsøk å lære namna på dei andre elevane i klassa, og slå gjerne av ein prat nå det er naturleg. Vis positiv merksemd, spesielt til dei som kanskje treng det mest.

**Bli einige om nokre grunnreglar for bursdagar:**

- I ei klasse/gruppe skal ein invitere alle, eller alle jenter/gutar. Om ein berre kan eller vil invitere nokon, bør ein invitere maks 1/3 av dei som ville vore den totale gruppa, og invitasjonar og snakk om arrangementet høyrer då ikkje inn i skolen.
- Avtal gjerne ein fast, lav sum for gåver, og unngå fokus på gåvene i selskapet. Oppgi gjerne eit nummer alle kan vippse frivillig beløp inntil 50,- kr. Då kan føresett kjøpe inn ei felles gåve til bursdagsbarnet.
- Kombiner gjerne bursdagar: dei som har bursdag same månad eller årstid kan feire saman. Då spleisar ein på utgifter og deler ansvaret med fleire heimar.
- For dei yngste elevane er det fint å legge til rette for at foreldre kan vere med. Det kan vere både hyggeleg og hjelpsam.



**Mål: Barna har respekt for at alle er ulike og har gode strategiar for å handtere vanskelege situasjonar som oppstår.**

Det er hjelpsam for barnet ditt om de heime snakkar om andre menneske med forståing og respekt. Folk gjer som dei gjer av ein grunn, og når vi møter andre med positive forventningar er sjansen større for at vi blir møtt på ein god måte tilbake.

Husk også at barn gjer som vi gjer, ikkje som vi seier dei skal gjere. Kva verdiar og haldningar ønskjer vi å overføre til ungane våre, og korleis viser vi dette gjennom handlingane våre?

**Når barnet ditt fortel om noko dei reagerer på, sjå om du kan møte dei med desse trinna:**

1. Om barnet ditt si oppleving - vis forståing: «Det må ha vore dumt/ekelt/vondt for deg. Eg forståer godt at du ikkje synes det var greitt»
2. Om den eller dei barnet snakkar om – tilby hjelpsame tolkingar: «Det kan vere mange ulike grunnar til at nokon gjer slikt. Sjølv om dette vart dumt/vondt for deg, så treng det ikkje vere slikt at personen meinte at det skulle bli slikt for deg?» Eventuelt også: «Mange som ikkje har det så bra sjølv klarer ikkje å la vere at det går ut over andre.»
3. Snakk saman om kva som kan vere hjelpsam vidare. Hjelp barnet å finne gode løysingar det sjølv kan bruke, tilby hjelp om det blir rett.